

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0204	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland			
<b>Prosjektnavn</b>	Oppgradering av veggen til Folgefonna			

### Kort beskrivelse

Folgefonna med sommarskiser, brevandring, klatreturar i blåisen, og nasjonalparken er eit unikt reiselivsprodukt. Den 19 km lange veggen frå fjorden i Jondal, til kanten av Fonna er og ein turistattraksjon i seg sjølv. Siste 10 km av veggen er kommunal. Me planlegg no å utbetre 5 punkt som er smale og med bratt sideterreng. Vidare vil me etablere eit fotopunkt/portal, mot Folgefonna, som ein del av ny merkevare for Norges Nasjonalparker. Det må også opparbeidast parkeringspass i tilknytning.

### Prosjektbeskrivelse

Veggen frå Jondal til Folgefonna er 19 km. 9 km av veggen er på Fv 105. 10 km er kommunal veg. Denne søknaden omhandlar den kommunale delen av veggen. Eit alternativ til søknaden er at Hordaland Fylkeskommune tek over ansvaret for den kommunale delen, då denne er strategisk viktig for utviklinga av reiselivet både i regionen og elles i fylket. Sentrale fylkespolitikarar lova så seint som i haust og arbeida for ei fylkeskommunal overtaking !

Å oppgradere ein veg er i utgangspunktet ikkje eit unikt utviklingsprosjekt. Men veggen frå Jondal til Folgefonna er unik i den samanheng at den er viktig infrastruktur for reiselivet i Hardanger og Hordaland. Reiseliv er som kjent eit satsingsområde for auka verdiskaping i både Jondal kommune, Hardangerkommunane og Hordaland fylkeskommune.

«Fonnavegen» er likevel endå meir unik som opplevelsesprodukt i seg sjølv. Vårt mål er at veggen i tillegg til Folgefonna og Nasjonalparken, skal verta eit « meir synleg landemerke» i regionen. Eller som ein besøkjande sa etter ein køyretur til Folgefonna i sommar; «Hvorfor har ingen fortalt om dette? Denne veien er langt meir spektakulær enn Trollstigen...»

Folgefonna har hatt ein jamn auke i antal besøkjande med ca 30 000 siste sesong. For å marknadsføre veggen som eit reiselivsprodukt i seg sjølv trengst det ytterlegare oppgradering. Veggen må ha ein standard som sikrar god framkomme, også med større bussar, slik at totalopplevinga av turen vert god.

Jondal kommune prioriterar i denne omgang å utbetre 5 punkt med oppgradering og masseutskifting, utviding og sikring. I tillegg opparbeide eit fotopunkt/portal mot Folgefonna Nasjonalpark med tilhøyrande parkeringsplass og skilting. Sjå vedlegg 1,2 og 3. Det er gjennomført forprosjekt og tiltaka er tenkt gjennomført i 2016, under føresetnad av endeleg budsjettgodkjenning i Jondal kommunestyre og tildeling av regionale utviklingsmidlar.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
----------	------	------------------	-------

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Jondal kommune Org.nr:944439927	Kommunehuset 5627 JONDAL	97156165
<b>Kontakt- person</b>	Sigrid Brattabø Handegard	Kommunehuset 5627 JONDAL	97156165
<b>Prosjekt- leder</b>	Sigbjørn Haugen	Kommunehuset 5627 JONDAL	90516086

**Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja**

Utviding av parkeringsplass ved Folgefonna har motteke støtte frå kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgjevaravgift.

**Spesifikasjon****Bakgrunn**

Den korte avstanden mellom fjord og fonn er det unike reiselivsproduktet i Jondal. I løpet av ein halv time kan ein bade i Hardangerfjorden og stå på ski eller klatre i isen på Folgefonna. Få, om ingen andre stader i Europa kan ein tilby denne opplevinga. Den 19 km lange vegen imellom er ei unik oppleving i seg sjølv frå fjorden, gjennom grønne jordbruksbygder til spektakulære fjell, med bilveg til brekanten og innfallsporten til Folgefonna Nasjonalpark. Jondal er vidare ein av fem Nasjonalparklandsbyar i Norge der verdiskaping kobla til naturarven er ei målsetjing. Det er pr. no ca 30 000 besøkjande pr sesong og vegen treng oppgradering med møteplasser, sikring og fotopunkt for å kunna marknadsføraste endå betre som turistoppleving.

**Prosjekt mål**

Oppgradering av vegen til Folgefonna skal som innfallsport til Folgefonna Nasjonalpark, Folgefonna sommarskiser og som eige besøksmål bidra til auka verdiskaping både lokalt og regionalt.

**Forankring**

Utvikling av reiseliv med Folgefonna som fyrtårn, er ein av tre satsingsområde for næringsutvikling i Jondal kommune. Vidare er utvikling av reiseliv og reiselivsprodukt med utgangspunkt i natur og kultur i tråd med både regionale og nasjonale prioriteter.

**Prosjektorganisering**

Prosjektet skal organiserast av Jondal kommune med teknisk sjef som prosjektleiar. Vidare er Norges Nasjonalparklandsbyar og Miljødirektoratet samarbeidspart ift etablering/utforming av fotopunkt/portal mot Nasjonalparken

**Samarbeidspartnere**

Sjå forrige punkt

**Aktivitetar**

Oppgradere og sikre 5 punkt på vegen til Folgefonna og etablere foto/utsiktspunkt som skal bidra til fleire besøkjande til Folgefonna og vegen som ein ny turistattraksjon

**Målgrupper**

- Besøkjande til Folgefonna Sommarskiser og Folgefonna Nasjonalpark
- busselskap

**Resultat**

Forventa resultat av oppgradering av vegen til Folgefonna er auke i antal gjestedøgn i Jondal og Hardanger og auke i antal besøkjande til Sommarskiseret og Folgefonna Breførarlag. Belegget på overnattingsstadene i Jondal i2014, perioden mai-sept var på ca 30%. I løpet av 5 år er det eit mål at det er mininum 50%. Antal unikebrukrar i heisen på Sommarskiseret bør i løpet av ein femårsperiode ha nådd 25 000, i dag 19465. Antal personar på blåistur skal og auke til 5000 i løpet av femårsperioden. I dag 3000 personar .

**Effekter**

God marknadsføring av både vegen som eige turistmål saman med aktivitetane som alt er på Folgefonna er avgjerande for å nå måla. I tillegg er evne og vilje til investering på sommarskiseret, og produkt av høg kvalitet viktig.

Faktorar som kan vere med å hindre måloppnåing er veret og internasjonal økonomi.

**Tids- og kostnadsplan****Tidsplan**

Forprosjekt/planlegging er gjennomført i 2015. Planen er å starte arbeidet når det er bart for snø våren 2016 og avslutte før snøen kjem hausten 2016

**Kostnadsplan**

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Fotopunkt/parkering		400 000				400 000
Planlegging og byggjeleing		200 000				200 000
Sikringstiltak, punkt 5 og 6		250 000				250 000
Trafikkskilt		100 000				100 000
Utbetringpunkt 1		625 000				625 000
Utbetringpunkt 2		675 000				675 000
Utbetringpunkt 3		750 000				750 000
<b>Sum kostnad</b>		<b>3 000 000</b>				<b>3 000 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Jondal kommune	400 000	500 000	500 000			1 400 000
Miljødirektoratet		100 000				100 000
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland	1 500 000					1 500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 900 000</b>	<b>600 000</b>	<b>500 000</b>			<b>3 000 000</b>

**Geografi**

1200-Hordaland

## Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Frå fjord til fonn, You Tube.htm	172 404	01.10.2015
Plan for utbetring av Fonnavegen 2016 - 2017 sept 2015.docx	753 129	01.10.2015
Utbetring av Fonnavegen-kostnadsoverslag.msg	47 104	01.10.2015